



Arkivnr: 2016/8534-93
Saksbehandlar: Gerd Eva Napsøy

Delegert saksframlegg

Fylkesdirektør samferdsel etter fullmakt

TILDELING DROSJELØYVE BERGEN KØYREOMRÅDE - HAUST 2016

Samandrag

Ved denne tildelinga i Bergen køyreområde er det 9 ledige drosjeløyve. I følgje regelverket skal løyva tildelast den som har lengst ansiennitet. Tildelinga av drosjeløyva 20.10.2016 vert gjort på bakgrunn av ansiennitetsvedtak av 14.09.2016. Søkjarar som har løyve frå før, eller har levert ein ufullstendig søknad vil ikkje få tildelt løyve i denne tildelinga.

Tildelinga skjer i samsvar med yrkestransportforskrifta §§ 43-44.

Dei som er tildelt drosjeløyve i fylkesdirektøren sitt vedtak 20.10.2016 må vende seg til ein av sentralane i Bergen køyreområde for å inngå formidlingsavtale. Det er for tida ingen ledige plassar for hovudløyve i Bergen Taxi.

I følgje gjeldane regelverk må søkjarar til drosjeløyve dokumentera at dei har god vandel, tilfredstillande økonomisk evne og faglege kvalifikasjonar før drosjeløyve kan tildelast. Desse må oppfyllest før ansiennitetsprinsippet vert lagt til grunn for tildelinga. Dei aktuelle søkjarane for tildeling av løyve har fått melding om at dei må levera inn dokumentasjon i samsvar med gjeldane regelverk. Dei av søkjarane som ikkje oppfyller kravet om å ha minst 2 års ansiennitet, er strokne av lista.

Etter å ha vurdert saka i samsvar med reglane i yrkestransportlova og forskrift om yrkestransport finn fylkesdirektøren å kunne fatta fylgjande

vedtak

Med heimel i yrkestransportlova § 9 jf. Forskrift om yrkestransport §§ 6-8 og §§ 43-44 finn fylkesdirektøren å kunne tildela drosjeløyve:

1. R- 645 til Gusin Tunaj
2. R- 666 til Halil Dörtkas
3. R- 688 til Britt Margareth Ellingsen
4. R- 733 til Lucian Vaida
5. R- 740 til Tsegay Negash
6. R- 744 til Stephen Pericleson Keeth
7. R- 749 til Hasiyeti Ziyawudung
8. R- 755 til Mulki Saleh
9. R- 761 til Ekrem Celik

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Gerd Eva Napsøy
spesialkonsulent

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesdirektør samferdsel, 20.10.2016

Ved denne tildelinga er det i Bergen køyreområde 9 ledige drosjeløyve. I følge regelverket skal løyva tildelast den som har lengst ansiennitet. Tildeling av drosjeløyve i vedtak av 20.10.2016 vert gjort på bakgrunn av ansiennitetsvedtak av 14.09.2016 .

Dei som er tildelt drosjeløyve i fylkesdirektøren sitt vedtak 20.10.2016 må vende seg til ein av sentralane i Bergen køyreområde for å inngå formidlingsavtale. Det er for tida ingen ledige plassar i Bergen Taxi.

2. Lovheimel

Det følger av yrkestransportlova § 4, 2. ledd at ledig drosjeløyve skal tildelast den som har

1. god vandel
2. tilfredsstillande økonomisk evne og
3. tilstrekkeleg fagleg kompetanse.

Desse krava må oppfyllest før løyve kan tildelast. Desse basiskrava er kumulative, det vil seie at alle må vere oppfylt før løyve kan tildelast. Desse krava gjeld uavhengig av lengda på ansienniteten. Fylkesdirektøren har ikkje heimel til å gjere unntak frå desse reglane.

Er det fleire som oppfyller desse krava gjeld ansiennitetsprinsippet i forskrifta § 43, slik at det då vil vere lengda på den einskilde søkjaren sin ansiennitet som er avgjerande for tildeling av løyve.

God vandel skal ifølge forskrifta § 6 dokumenterast med politiattest. Ny vandelsvurdering vert gjort kvart tredje år.

Tilfredsstillande økonomisk evne inneber at søkjar skal leggja fram attest frå kemner/kommunekasserar, attest frå Konkursregisteret og garanti frå bank eller finansieringsinstitusjon.

Tilstrekkeleg fagleg kompetanse inneber i følge forskrifta § 8 at søkjaren må leggja fram vitnemål frå det obligatoriske drosjeløyvekurset.

3. Fylkesdirektør samferdsel si vurdering

Gusin Tunaj har fått godkjend ei samla ansiennitet på 10 år, 6 månad og 16 dagar i fylkesdirektøren sitt vedtak av 14.09.2016. Gusin Tunaj har lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-645 til Gusin Tunaj.

Halil Dòrtkas har fått godkjend ei samla ansiennitet på 6 år, 2 månader og 22 dagar i fylkesdirektøren sitt vedtak av 14.09.2016. Halil Dòrtkas lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-666 til Halil Dòrtkas.

Britt Margareth Ellingsen har fått godkjend ei samla ansiennitet på 4 år, 9 månader og 21 dagar i fylkesdirektøren sitt vedtak av 14.09.2016. Britt Margareth Ellingsen lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-688 til Britt Margareth Ellingsen.

Lucian Vaida har fått godkjend ei samla ansiennitet på 4 år, 4 månader og 7 dagar i fylkesdirektøren sitt vedtak av 14.09.2016. Lucian Vaida lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og

økonomisk garantierklæring. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-733 til Lucian Vaida.

Tsegay Negash har fått godkjend ei samla ansiennitet på 4 år og 1 dag i fylkesdirektøren sitt vedtak av 14.09.2016. Tsegay Negash lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-740 til Tsegay Negash.

Stephan Pericleson Keeth har fått godkjend ei samla ansiennitet på 3 år, 10 månader og 12 dagar i fylkesdirektøren sitt vedtak av 14.09.2016. Stephan Pericleson Keeth lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-744 til Stephan Pericleson Keeth.

Hasiyeti Ziyawudung har fått godkjend ei samla ansiennitet på 3 år, 9 månader og 10 dagar i fylkesdirektøren sitt vedtak av 14.09.2016. Hasiyeti Ziyawudung lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-749 til Hasiyeti Ziyawudung

Mulki Saleh har fått godkjend ei samla ansiennitet på 3 år, 9 månader og 7 dagar i fylkesdirektøren sitt vedtak av 14.09.2016. Mulki Saleh lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-755 til Mulki Saleh.

Ekrem Celik har fått godkjend ei samla ansiennitet på 3 år, 7 månader og 19 dagar i fylkesdirektøren sitt vedtak av 14.09.2016. Ekrem Celik har lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-761 til Ekrem Celik.

Det skal vere sett bil i drift på drosjeløyva innan 20.01.2017